

MØTEPROTOKOLL

--

Råd	Møtedato	Tidspunkt
Herdla sokneråd		
Sak frå : 30 / 2019 Sak til: 38 / 2019	Onsdag 24 april 2019	<u>Møtestad:</u> Herdla kyrkjelydshus.

Frammøtte: 5 av 7 medlemer.

Til stades

Medlemer: Kjellaug Fauskanger Eidsaa , Kjell Berland, Einy Daviknes, Astrid Marie Haugland og Reidun Håpoldøy. Varamedlem: Gunvor Eggebø Næss. Meldte forfall: Solfrid Kongshaug Aase og Ivar Eidsaa.

Andre frammøtte:

Sak / år:

30/2019: Møteprotokoll frå møte 21 mars vart godkjent.

31/ 2019: Meldingar: Ingen spesielle meldingar.

32/ 2019: Gudstenesteliste:

31/03: kl.11.00: Gudsteneste v/ Kristin Hjertaker. Nattverd. Offer: Eige arbeid. Ansvarleg: Alle team.

10/04: **kl.17.00: Gudsteneste på Fromreide eldresenter. Nattverd. Kaffi frå kl.16.30.**

14/04: kl.11.00: Hovudgudsteneste v/ Astrid Marie Haugland. Dåp. Offer: Eige arbeid. Palmesøndag. Ansvarleg: Team 1.

19/04: kl.11.00: Langfredagsgudsteneste v/ Astrid Marie Haugland. Ansvarleg: Alle team.

21/04: kl.11.00: Høgtidsgudsteneste v/ Astrid Marie Haugland. Dåp. Offer: Kirkens SOS. 1 påskedag. Ansvarleg: Team 2.

.....
28/04: kl.11.00: Gudsteneste v/ Michal Møgster. Nattverd. Offer: Kirkens bymisjon. Ansvarleg: Team 3

12/05: kl.11.00: Hovudgudsteneste v/ Astrid Marie Haugland. Dåp. Offer: Eige arbeid. Ansvarleg: Team 4.

15/05: Gudsteneste på Fromreide eldresenter. Nattverd. Kaffi frå kl.16.30

17/05: kl.11.00: Forenkla gudsteneste v/ Astrid Marie Haugland. Offer: Leif Heggernes sitt arbeid. Norges nasjonaldag. Ansvarleg: Team 1.

33/2019: Evaluering og førebuing av gudstenestene:

19/04: Langfredagsgudstenesta. Ei fin og spesiell gudsteneste.

21/04: 1 påskedag. Høgtidsgudsteneste med dåp. Fin tradisjon med å gå ut til gravplassen medan vi syng ein påskesalme.

17/05: Det er kranspålegging ved minnestøtta før gudstenesta. Dei som vil hjelpe til med utdeling av sangark el. andre ting, må kjøre nord før 17 mai toget startar frå Skansen (10.15)

34/2019: Medarbeidarfesten 26 april:

Den byrjar kl.19. Nokon i soknerådet møter tidlegare for å ordne til. Snitter er bestilt, is til dessert.

Terje Haugom er med og spelar.

35/2019: Pinsa 2019:

Vi lagar ei fin gudsteneste, prøver å få solist og har ein god kyrkjekaffi bak i kyrkja etterpå.

36/2019: Soknerådsvalet 9 september:

Det er 10 personer på lista totalt, bør vere 11. Skal leverast inn innan 30 april.

37/2019: Pilgrimsturen 15 juni:

Denne gongen går vi ei mindre etappe og startar ved bedehuset på Fauskanger kl.10. Her ifrå går vi til lille Fauskanger og kjem inn på » Askøy på langs » ruta til kyrkja. Arve er med. Han skriv eit innlegg i Amen om turen.

38/2019: Eventuelt:

- Evaluerte fasteaksjonen. Vi lagar ei huskeliste som vi kan ha til seinare år.
- Billetter til teaterframsyninga på DNS: Skipet de Zee Ploeg. Kyrkjekontoret har bestilt billetter til måndag 29 april og interesserte kan melda seg.
- Stafett for livet 25-26 mai: Askøykyrkjene stiller med laget « Apostlenes hester», og dei som vil delta, meldar seg på der. Kan melda seg på direkte på nett eller ta kontakt med lagkaptein Bjørg Kråvik Andreassen 95105091.

Neste møte vert onsdag 22 mai kl.19.

Håpolden, 29 april 2019.

Reidun Håpoldøy.

Referent.